VANYLVEN KOMMUNE

# Innføring Helseplattforma
# Status veke 17

Infoskriv til tilsette i Vanylven kommune



VANYLVEN KOMMUNE

# Innhald


01 Overordna plan

02 Plan april og mai

03 TEMA: Helsa mi

04 IKT-support

05 Folka i spissen: Eli, Arnt og Andreas



# Overordna plan

Innføringa av Helseplattforma er organisert i ulike arbeidspakkar. Kvar av desse pakkane har sin eiga startdato, som er tidspunktet vi byrjar å arbeide med dei, og ein avslutningsfrist, som er den datoen dei skal være ferdige.

På den neste sida i dokumentet vil du finne ei detaljert oversikt over fristane for arbeidspakkane. Denne oversikten er delt inn i to delar. Den øvste delen viser fristane fordelt per veke. Den nedre delen viser fristane fordelt per månad.

Som du vil merke, var det ein topp i fristane i januar. Men det er også mange fristar som kjem i april. "Go-live"-datoen, dagen Helseplattforma offisielt skal være teken i bruk, er satt til den 27. april.

Noko anna som er verdt å merke seg er at sjølv om ein frist er sett til april, er fleire av arbeidspakkane allereie i gang. Vi arbeidar ikkje berre med arbeidspakkar som har umiddelbare fristar, men også med dei som har fristar litt lenger fram i tid.

# Oversikt fristar

## Antall fristar per veke




## Antall fristar per månad



VANYLVEN KOMMUNE

# Overordnet plan for innføring



# Arbeidspakkar med frist i april




# Arbeidspakkar med frist i mai



VANYLVEN KOMMUNE



# TEMA: Helsa mi

HelsaMi er innbyggarane sin digitale inngang til helse- og omsorgstjenester, tilgjengelig via app eller nettlesar. Den nye innbyggerportalen åpnar opp ei rekkje nye muligheiter for befolkninga i Midt-Norge.

Gjennom HelsaMi kan du blant anna:

- Få oversikt over dine personlige helseopplysningar.
- Ha direkte dialog med helsepersonell.
- Benytte deg av ulike digitale verktøy som spørreskjema og konsultasjonstenester.

Alle som treng det, kan få tilgang til HelsaMi. Innlogginga er sikra ved bruk av ID-porten, som inkluderer BankID og andre trygge autentiseringsmetodar. Dei fleste innbyggarane har allereie ein brukerkonto på grunn av tidligare kontakt med helse- og omsorgstenester. Du kan også få tilgang for andre, for eksempel barn eller andre vaksne som har deg som pårørande. Vaksne må gje deg tilgang. Du ser ingenting utan at den vaksne pasienten ynskjer det sjølv.

For dei som ynskjer det, kan HelsaMi bidra til å spare tid og gje deg som innbyggar god, digital oversikt.
Ansette i helseinstitusjonar som sjukehus, kommunar og legekontor kan også spare tid når innbyggarane brukar HelsaMi.
HelsaMi er innbyggaranes vei inn til det felles journalsystemet Helseplattformen.




# TEMA: HP-support

Ved oppstart blir også rutinane våre for support på Helseplattformen aktiverte.

Helseplattformen support er ein kombinasjon av lokal support i Vanylven kommune, og support-tenester frå Helseplattformen AS.

Informasjon om support er lagt ved denne informasjonspakken.







# Folka i spissen: Arnt, Eli og Andreas

*Vi, ja for no gjeld det at alle. Ikkje berre at kommunedirektør, kommunalsjef og prosjektleiar, men at du, både pasient og tilsett, er klar.*

*Vi er i lag om å innføre Helseplattformen alle som jobbar I helse og omsorg i Vanylven kommune. Det aller viktigaste er at alle deltek og er klar til å ta i bruk Helseplattformen. Det er no det startar for alle som skal bruke HP. Vi er heilt avhengig av å få tilbakemelding om korleis det går rundt om i avdelingane, for at vi skal fange opp alle små og store utfordringar vi møter på.*

*Vi er klar, det håpar at du er og.*
*Vi oppfordrar og alle til å laste ned Helsa mi appen til telefonen (sjå tema). Fordi det er viktig at du som pasient også er klar, slik at vi kan samarbeide best mogeleg, for å gi deg det beste helsetilbodet vi kan gi.*

*Vi ynskjer alle lukke til med oppstarten av Helseplattformen og med bruk av Helsa mi appen.*

*Helsing Arnt, Eli og Andreas*